



Blir dette prosjektet endra? Det kan ikkje den nye eigaren svara på i dag.

**- Det er enno ikkje avklara om prosjektet på Eikelandet – med åtte bueiningar - blir endra eller om det vil bli satsa på dei planane som allereie er lagt og godkjend.
Det opplyser den nye eigar Atle Presthaug i Fjelberg Eiendom AS på Stord til uskedalen.no.**

Presthaug vil truleg overlata eit anna firma å stå for sjølve utbyggjinga. Han kjøpte prosjektet seint i fjor haust av Uskedalen Eiendomsutvikling (Arild Lillenes) og betalte ein kompensasjon på 100.000 til nabo Oddborg Myklebust for reduksjon av utsikta.

Klaga frå henne til fylkesmannen er difor no trukke attende og alle formalitetar som har vore til hinder for prosjektet så langt skulle med det vera fjerna. Også usemja med ein annan nabo om avkøyringa er rydda av vegen. Naboen sin hage vil ikkje bli rørt.

- Men det springande punkt er vel om det framleis blir satsa på åtte bueiningar skilt frå kvarandre eller ei anna arkitektonisk løysing?
- Ja, det er akkurat den diskusjonen vi er inne i no, svarar Atle Presthaug.

Av Ola Matti Mathisen